


For elever

Logg på med ny Telemark-brukar


Når du har sett opp den nye Telemark-kontoen din, laga deg nytt passord og sat opp tofaktorautentisering (Steg 3), skal du starta opp PC-en din og logga deg på.

Slik gjer du det:


1. Slå på PC-en
2. Sjekk at Noreg er valt som land når vegvisaren kjem opp før du går vidare



3. Kople pc-en til heimenettet dykkar. Sit du på ein skule eller verksemd, vel du nettverket VTONBOARD. *Passord kjem*




4. Logg deg på med den nye adressa di. Du treng berre byte ut «@skule.vtfk.no» med «@skule.telemarkfylke.no» - fornamn.etternavn@skole.telemarkfylke.no



5. Bruk det nye passordet som du laga då du sat opp/aktiverte kontoen din.

6. La PC-en jobba medan han blir konfigurert. Dette tek tid. Pass på å ha PC-en i ladar.




7. Stadfest identiteten din med tofaktorautentisering
8. Klikk «Neste» to gonger etter kvarandre
9. Skriv nummeret som dukkar opp på PC-en i Authenticator-appen på mobilen din
10. Logg deg på PC-en din éin gong til med ny Telemark-brukar og nytt passord
11. La PC-en jobba nokre minutt medan Office-programma kjem inn på skrivebordet ditt



Windows Hello


1. Når PC-en din ber deg om å setja opp Windows Hello, gjer det det ved å gå gjennom vegvisaren



2. Stadfest identiteten din med tofaktorautentisering



3. Lag deg ein pinkode med 6 tal. Pinkoden kan nyttast i staden for passord når du seinare skal logga deg på PC-en som eit alternativ til ansiktsgjenkjenning med Windows Hello



Manglar du nokon program? Då kan du lasta dei ned sjølv via Firmaportalen som du finn ved å trykkja på Windows-tasten og byrja å skriva «Firmaportal».

Står du fast? Ta kontakt med den lokale servicedesken din.